# Plan for trafikksikker skule



# Dirdal skule


| POSTADRESSE | TELEFON | E-POST | HEIMESIDE |
| --- | --- | --- | --- |
| Kroveien 270 | 51 61 48 25 | dir-adm@gjesdalskolen.com | www.minskole.no/dirdal 4335 Dirdal |

# Innleiing

Dirdal skule ligg landleg til i Gjesdal kommune. Vi er ein liten 1.-10 skule med 135 elevar skuleåret 2020/2021. I løpet av eit skuleår dreg mange klasser på små og større turar, i nærmiljøet rundt skulen, på fjellet, i skog og mark og på lengre turar med sykkel, buss eller bil.

Dette heftet er ein plan og ein informasjon om korleis Dirdal skule sine rutinar er mtp trafikktryggleik og trafikkopplæring på alle trinn.

Målet til skulen er at elevane skal vere trygge til og frå skolen, men og på turar i skuletida. Skulen skal vere med på å gjere elevane trygge og sikre i trafikken, og skal førebu dei på livet etter skolen, der dei sjølv skal ta ansvar for eige og andre sitt liv.

Haldningar til tryggleik i trafikken blir danna tidleg, og opplæring i trafikk er difor eit viktig verkemiddel for å redusere ulykkesrisikoen blant barn og ungdom. Den opplæringa dei får på barne- og ungdomsskulen skal gjere dei medvitne på kva det betyr i praksis å vere ein omsynsfull, merksam og forsiktig trafikant.

Skulen kan ikkje gi garantiar for at ulykker ikkje skjer, men gjennom arbeidet med trafikktryggleik i opplæringa kan vi bidra til i å forebyggje at det skjer. Elevane skal kunne vurdere forhold i trafikken og vite kva dei bør gjere for å unngå ulykker. I tilegg skal opplæringa gje dei kunnskap om sikre køyretøy, rutinar ved ulykker og livreddande førstehjelp.

Planen inneheld og rutinar og retningslinjer for tryggleiken på turar, slik at både tilsette og elevar veit kva ansvar og plikter det medfører når undervisninga blir flytta ut av klasserommet.


| POSTADRESSE | TELEFON | E-POST | HEIMESIDE |
| --- | --- | --- | --- |
| Kroveien 270 | 51 61 48 25 | dir-adm@gjesdalskolen.com | www.minskole.no/dirdal 4335 Dirdal |

## Trafikksikkerheitstiltak på Dirdal skule

- eige område for sykkelparkering og bilparkering
- eige område for av- og påstigning til skulebuss
- eigen rutine/standard for turar arrangert av skulen
- hjelmpåbud ved bruk av sykkel i skulen sin regi
- alle elevane skal bruke belte i buss
- ved bruk av privatbil i undervisningssamanheng skal det foreliggje samtykke frå føresette
- Skulen sin trafikksikkerheitsplan er tema på foreldremøter
- FAU er involvert i skulen sitt arbeid med trafikksikkerheit
- skulen har trafikksikkerheit implementert i sine læreplanar

| Tema | Tiltak | Ansvarleg | Frist |
|---|---|---|---|
| Trafikkopplæring<br>**Opplæring etter K-20 (relevante kompetansemål)** | **Kroppsøving:**<br>● Øve på trygg ferdsel i trafikken<br>● Forstå og praktisere turreglar og bruke klede etter ver og forhold i naturen (kroppsøving 2.trinn)<br>● Forstå og følgje reglar i trafikken (kroppsøving 4.trinn)<br>● Utforske og gjennomføre leik og spel saman med andre i ulike bevegelsesaktivitetar<br>● Øve på samansette bevegelsar, åleine og saman med andre (7.trinn)<br>● Gjennomføre aktivitetar ut frå eigne interesser og føresetnader i dans, friluftsliv, idrettsaktivitetar og andre bevegelsesaktivitetar (7.trinn)<br>● Vurdere sikkerheit i uteaktivitet og naturferdsel og gjennomføre sjølvberging i vatn (7.trinn)<br><br>Forslag til relevante kompetansemål i andre fag:<br><br>**Samfunnsfag:**<br>● utvikle og presentere samfunnsfaglege spørsmål (2.trinn)<br>● Utforske og gi døme på korleis menneska påverkar klimaet og miljøet, og dokumentere korleis påverknadene kjem til syne i nærmiljøet (2.trinn)<br>● gi døme på kva lover, reglar og normer er og kva slags funksjon dei har i samfunn, og reflektere over konsekvensar av å bryte dei (7.trinn)<br>● utforske korleis teknologi har vore og framleis er ein endringsfaktor, og drøfte innverknaden teknologien har hatt og har på enkeltmenneske, samfunn og natur<br>● beskrive sentrale lover, reglar og normer og drøfte kva konsekvensar brot på desse kan ha for den enkelte og for samfunnet på kort og lang sikt (10.trinn)<br><br>**Krle:**<br>● identifisere og reflektere over etiske spørsmål (2.trinn)<br>● sette seg inn i og formidle egne og andres tanker, følelser og erfaringer (2.trinn)<br>● samtale om hva menneskeverd, respekt og toleranse betyr og hva det innebærer for hvordan vi lever sammen (2.trinn) | Kroppsøvingslærar<br>Kontaktlærar<br>Faglærar | haust/vår |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | • samtale om og formidle etiske ideer fra sentrale skikkelser i filosofihistorien (7.trinn)<br>• Utforske og beskrive egne og andres perspektiver i etiske dilemmaer knyttet til hverdags- og samfunnsutfordringer (7.trinn)<br>• Utforske etiske ideer fra sentrale skikkelser i filosofihistorien og anvende ideene til å drøfteaktuelle etiske spørsmål (10.trinn)<br>• identifisere og drøfte etiske problemstillinger knyttet til ulike former for kommunikasjon (10.trinn)<br>• identifisere og drøfte aktuelle etiske problemstillinger knyttet til menneskerettigheter, bærekraft og fattigdom (10.trinn)<br><br>**Naturfag:**<br>• utforske sansene gjennom lek ute og inne og samtale om hvordan sansene brukes til å samle informasjon  2.trinn)<br>• Utforske observerbare størrelser som fart og temperatur og knytte dem til energi (4.trinn)<br>• samtale om hva energi er, og utforske ulike energikjeder<br>• Utforske observerbare størrelser som fart og temperatur og knytte dem til energi (4.trinn)<br>• samtale om hva energi er, og utforske ulike energikjeder (4.trinn)<br>• lese og forstå faremerking og reflektere over hensikten med disse 7.trinn)<br><br>**Matematikk:**<br>• lage og følgje reglar og trinnvise instruksjonar i leik og spel (2.trinn)<br>• formulere og løyse problem frå eigen kvardag som har med tid å gjere (5.trinn)<br><br>**Kunst og handverk:**<br>• analysere visuelle virkemidler i ulike medier og belyse et aktuelt tema gjennom foto eller infografikk (7.trinn)<br>• lage skisser til fornyelse av lokale omgivelser og modellere arkitektoniske løsninger som ivaretar ulike behov og interesser (10.trinn)<br><br>Alle lærare skal ha fokus på reglar og trygg ferdsel langs veg. Elevane øver på trafikkreglar når dei er på tur i regi av skulen. | | |
| Sykling | Alle bruker hjelm når dei syklar til/frå skulen eller bruker sykkel i skulesamanheng. Lærare (og elevar?) bruker refleksvest ved sykling i skulen sin regi. | Alle tilsette | haust/vår |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | Sykkelopplæring? | | |
| Turar og ekskursjonar | Skulen har rutinar for turar og ekskursjonar. Skulen har og rutine for innhenting av samtykke når elevar skal sitje på i bil. Skulen har rutine for bussing av elevar til og frå symjing | Alle | |
| Refleksbruk | Skulen oppmoder til bruk av refleks på vekeplanar og via SchoolLink. 1.-4.klasse har reflekskampanje kvar haust. 1.klasse får refleksvestar. | | |